



DET KONGELEGE  
FINANSDEPARTEMENT

# Prop. 101 L

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Endringar i sentralbanklova

*Tilråding frå Finansdepartementet av 26. mars 2010,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Finansdepartementet fremjar i denne proposisjonen forslag om endringar i lov 24. mai 1985 nr. 28 om Norges Bank og pengevesenet mv. (sentralbankloven). Departementet gjer framlegg om å endre rapporteringsmåten for Noregs Banks representantskap slik at meldingane frå representantskapet om tilsynet med bankdrifta skal sendast direkte til Stortinget. I dag skal slik melding (uttalelse) sendast departementet for å leggjast fram for Kongen og gjerast kjent for Stortinget. Departementet gjer likeins framlegg om å innføre enkelte minstekrav til innhaldet i meldinga.

Etter sentralbanklova skal representantskapet oppnemnst av Stortinget, men kompetansen til å fastsetje godtgjersla det skal ha er lagd til Kongen. Kongen har delegert kompetansen til Finansdepartementet. Departementet gjer framlegg om å overføre denne kompetansen til Stortinget.

Lovframlegget blir fremja etter initiativ frå representantskapet. Det er meint å vidareutvikle og styrke tilsynsordninga i Noregs Bank, og vil bringe rutinane for rapportering og fastsetjing av godtgjersle i samsvar med det som gjeld for andre stortingsoppnemnde organ.

### 2 Bakgrunnen for lovframlegget

Representantskapet sende 10. desember 2009 brev til Finansdepartementet der det går fram at representantskapet arbeider med å utforme ein strategi for å vidareutvikle og styrke tilsynsordninga i banken.

Representantskapet viste til at Stortinget i juni 2009 vedtok viktige endringar i sentralbanklova. Noregs Bank vart gjord rekneskapspliktig etter rekneskapslova, og det vart innført ei ny revisjonsordning der representantskapet vel ein ekstern revisor. Vidare vart styrings-, tilsyns- og kontrollfunksjonane til hovudstyret og representantskapet presiserte i lova. Desse tiltaka har medverka til å gjere tydelegare dei oppgåvene og det ansvaret representantskapet har. Som eit ledd i arbeidet med ytterlegare å styrke og tydeleggjere representantskapets rolle og oppgåver som stortingsoppnemnt organ, ber representantskapet om at Finansdepartementet vurderer om det er mogleg med ei meir utvida og direkte rapportering til Stortinget, og om det er mogleg å overføre kompetansen til å fastsetje godtgjersla det har til Stortinget.

Om rapporteringa frå representantskapet heiter det i brevet:

«Representantskapet avgir årlig uttalelse om hovudstyrets protokoller, tilsynet med banken og saker som det forlegges av hovudstyret (sentralbankloven § 5 tredje ledd).

Sentralbankloven gir ingen føringer eller begrensinger når det gjelder utforming av uttalelsen. For perioden 1998-2002 har representantskapet avgrenset uttalelsene til hovedstyrets protokoller. Fra og med lovendring i 2003 har representantskapet også avgitt en eksplisitt uttalelse om tilsynet med bankens drift. Uttalelsene har utviklet seg fra kortfattede konklusjoner til også å omfatte en overordnet beskrivelse av representantskapets oppgave og generelt hva tilsynet bygger på. I tillegg har uttalelsen de siste tre årene trukket fram vesentlige endringer, for eksempel endringene i revisjonsordningen.

Etter representantskapets oppfatning vil det være ønskelig å fortsette denne utviklingen av uttalelsen slik at den gir et mer utfyllende bilde av representantskapets tilsyn, herunder arbeidet som utføres av tilsynssekretariatet og eventuelle attestasjonsoppgaver utført av eksterne revisor og andre eksterne ressurser.

I henhold til sentralbanklovens § 30 annet ledd skal "årsberetningen, det reviderte årsregnskap, samt representantskapets uttalelse om hovedstyrets protokoller og tilsynet med banken sendes departementet for å forelegges Kongen og meddeles Stortinget. Meddelelse fra departementet til Stortinget om virksomheten i Norges Bank skal finne sted minst en gang hver stortingsperiode, og oftere dersom særlige forhold tilsier det". Det er etablert en praksis for at uttalelsen inngår i Norges Banks trykte årsmelding, som følger som uttrykt vedlegg til Kredittmeldingen.

Etter representantskapets oppfatning vil det være bedre i samsvar med styringsmodellen for banken om representantskapet rapporterer mer direkte til Stortinget. Dette vil også være i samsvar med rapporteringsmåten for andre stortingsoppnevnte kontrollorganer. Dette vil bidra til å synliggjøre og styrke representantskapets stilling i forhold til Stortinget, uavhengig av departementet. I tillegg vil dette kunne bidra til å styrke mulighetene for Stortingets kontroll med Norges Bank, herunder forvaltningen av Statens pensjonsfond – Utland.

Vi ber Finansdepartementet vurdere grunnlaget for en endring i sentralbanklovens § 30 annet ledd på dette punktet. Det vil være naturlig at departementet i denne sammenheng, i samråd med representantskapet, også vurderer om loven bør oppstille noen minstekrav for rapporteringen.»

Om godtgjersla til representantskapet heiter det:

«I henhold til sentralbanklovens § 7 syvende ledd fastsettes medlemmenes godtgjørelse av Kongen. Etter representantskapets oppfatning vil det også på dette punktet være bedre i sam-

svar med styringsmodellen for banken om kompetansen til å fastsette medlemmenes godtgjørelse legges til Stortinget som oppnevner medlemmene.

Vi ber Finansdepartementet vurdere grunnlaget for en endring i sentralbanklovens § 7 syvende ledd på dette punktet.»

Finansdepartementet sende 4. februar 2010 eit brev til representantskapet og hovudstyret med framlegg til endringar i sentralbanklova i tråd med det som var skissert av representantskapet. Hovudstyret og representantskapet har overlevert merknader til lovforslaget i brev, begge daterte 4. mars 2010.

Representantskapet slutta seg til det materielle framlegget i forslaget frå departementet. Det peika på at tilsynet til representantskapet vil vere basert på eigne vurderingar av kva som til kvar tid er vesentleg. Forslaget med oppføring av minstekrav vil likevel medverke å tydeleggjere tilsynsfunksjonen og dei oppgåvene som er omfatta av tilsyn til representantskapet.

Hovudstyret sluttar seg til dei prinsipielle vurderingane frå departementet om tilhøvet mellom Stortinget og representantskapet. Det viser til at dei føreslåtte endringane vil bringe representantskapet i Noregs Banks meir på linje med andre organ og ombod som er oppnemnde av Stortinget.

Lovforslaget har ikkje vore på alminneleg høyring, då det etter departementets vurdering har vore rekna som openbert unødvendig.

## 3 Gjeldande rett

### 3.1 Representantskapets rapportering

I følgje Grunnlova § 75 c tilkjem det Stortinget «at føre Opsyn med Rigets Pengevæsen». Stortinget har gjeve representantskapet i Noregs Bank oppgåva med å føre tilsyn med Noregs Bank på sine vegner. Representantskapet består av 15 medlemmer som blir oppnemnde av Stortinget med ei funksjonstid på fire år. Etter sentralbanklova § 5 tredje ledd skal representantskapet «føre tilsyn med bankens drift og med at reglene for bankens virksomhet blir fulgt».

Sentralbanklova § 30 fastlegg korleis representantskapet skal rapportere. Saman med årsmeldinga og den reviderte årsrekneskapen skal «representantskapets uttalelse om hovedstyrets protokoller og tilsynet med banken sendes departementet for å forelegges Kongen og meddeles Stortinget.» I praksis blir desse dokumenta offent-

leggjorde samla som «Noregs Banks årsmelding og rekneskap».

Representantskapet utarbeider to dokument som blir tekne inn i årsmeldinga og rekneskapan; eit vedtak om at rekneskapan blir fastsett og ei melding om hovudstyret sine protokollar og tilsynet med bankdrifta. Lova gjev ikkje føringar for kva form desse dokumenta skal ha.

Meldinga om hovudstyret sine protokollar og tilsynet med bankdrifta er vorten utvida dei seinare åra, men er framleis kortfatta – for rekneskapsåret 2008 var ho i underkant av to sider. Ho viser kva grunnlag representantskapet har hatt for tilsynet sitt, men har til no ikkje innehalde nokon nærare omtale av tilsynsmetodikk eller utfyllande vurderingar elles. Utan unntak har representantskapet dei seinare åra konkludert med at det ikkje har hatt «merknader til hovudstyrets protokoller eller avdekket forhold gjennom tilsynet med bankens drift som gir grunnlag for særskilte bemerkinger etter sentralbanklovens § 30 annet ledd».

Finansdepartementet fremjar kvar vår ei finansmarknadsmelding (tidlegare kredittmelding) for Stortinget, der ein blant anna gjer greie for dei viktigaste trekka i verksemda til Noregs Bank i det føregåande året. Framstillinga byggjer på årsmeldinga og rekneskapan frå Noregs Bank og meldinga frå representantskapet, og viser til desse. Årsmelding, rekneskap og meldinga frå representantskapet har til no ikkje vorte lagde fram direkte for Stortinget, men har følgt som utrykte vedlegg til meldinga.

### **3.2 Fastsetjing av godtgjersle for representantskapet**

Representantskapet blir oppnemnt av Stortinget, mens godtgjersla blir fastsett av Kongen, jf. sentralbanklova § 7 sjuande ledd. Kongen har delegert sin kompetanse til Finansdepartementet, jf. resolusjon 21. juni 1985 nr. 1180.

## **4 Departementet sine vurderingar**

### **4.1 Rapporteringa frå representantskapet**

Verksemda til Noregs Bank er omfattande og kompleks. Det er derfor viktig at eit sterkt og uavhengig tilsynsorgan fører tilsyn med at banken blir driven innanfor rammene av lova, i samsvar med vedtak og føresetnader gjevne av Stortinget og departementet. Gjennom lovendringane i 2009 vart tilsynsoppgåvene til representantskapet klargjorde. Ny ekstern revisor og eige tilsynssekreta-

riat har styrkt representantskapet sitt rom for å utøve tilsyn. Det er også gjeve ei meir direkte presisering i lova av kva for tilsynsfunksjonar representantskapet skal utføre. Representantskapet er eit stortingsoppnemnt organ. Departementet er samd med representantskapet i at det vil vere meir i tråd med styringsmodellen for banken at representantskapet rapporterer direkte til Stortinget. Dette er ordninga for andre stortingsoppnemnde ombod og organ, og etter departementet sitt syn er det ikkje særlege omsyn som tilseier ei anna løysing for representantskapet.

Representantskapet gjev i sitt brev 10. desember 2009 uttrykk for at direkte rapportering vil medverke til å synleggjere og styrkje stillinga det har overfor Stortinget, uavhengig av departementet. Det vil etter representantskapet sitt syn også kunne medverke til å styrkje rommet for Stortingets kontroll med Noregs Bank, medrekna Statens pensjonsfond utland (SPU).

For årsmeldinga og rekneskapan, går departementet ut frå at dagens formidlingsform med oversending til departementet og framlegg for Stortinget i kredittmeldinga er mest føremålstenleg. Ettersom Stortinget gjennom representantskapet har oppretta eit eige tilsynsorgan for Noregs Bank, synest det ikkje naudsynt eller føremålstenleg at melding og rekneskap frå banken i heilskap skal leggjast fram for Stortinget.

Når det gjeld meldinga frå representantskapet om tilsynet med banken, meiner derimot departementet at det prinsipielt sett er meir føremålstenleg med direkte rapportering frå representantskapet til Stortinget. Det er Stortinget som er den endelege mottakaren av denne meldinga, og då verkar det som ryddigast at ho i heilskap blir lagd fram direkte for Stortinget. I vedlagde lovutkast er det fremja forslag om dette.

Representantskapet sitt tilsynsarbeid rettar seg i første rekkje mot hovudstyret. Etter departementet sitt syn vil omsynet til ei forsvarleg sakshandsaming tilseie at hovudstyret, der det er naturleg, får høve til å kome med merknader som eit ledd i arbeidet med å utarbeide meldinga frå representantskapet.

Sjølv om Stortinget er den primære mottakaren for meldinga, vil innhaldet i henne vedkome Finansdepartementet som ansvarleg for forvaltninga av SPU og ansvarleg for sentralbanklova. I lovutkastet blir det derfor lagt opp til at representantskapet særskilt skal sende gjenpart av rapporten til departementet.

Det ligg i tilsynsfunksjonen representantskapet har, at denne skal vere kritisk, jf. NOU 1983: 39 Lov om Norges Bank og pengevesenet side 353. Til-

synsorganet skal dermed aktivt vurdere om verksemda blir driven i samsvar med føresetnadene. Uttalte minstekrav i sentralbanklova til rapporteringa kan medverke til å gjere dette ansvaret tydelegare og til å synleggjere dei oppgåvene som høyrer til tilsynsfunksjonen på ein betre måte.

Eit kritisk tilsynsorgan vil frå tid til annan kunne oppdage forhold som det er grunn til å påpeike, og der det trengst endringar. Uttalte minstekrav til rapporteringa kan medføre at det oftare enn før kjem fram eksplisitte merknader frå representantskapet. Det er viktig at samfunnet, medrekna hovudstyret, departementet, Stortinget og ålmenta, gjennom ei offentleg melding blir opplyst om forhold som representantskapet ønskjer å peike på. Det er viktig å skape medvit om at det kan vere forhold å rette på, utan at slike forhold i seg sjølv kan reknast som kritikkverdige. Bankverksemda er svært kompleks, og sjølv i den mest vel-drivne organisasjon vil eit aktivt tilsynsorgan kunne ha noko å påpeike. Særleg vil dette kunne vere aktuelt innan kapitalforvaltninga, der store delar av regelverket jamnleg må tilpassast anerkjent internasjonal praksis.

Departementet vil på denne bakgrunnen føreslå å innarbeide enkelte minstekrav til meldinga frå representantskapet i sentralbanklova ny § 30 fjerde ledd. Gjennom minstekrava tek ein ikkje sikte på å gjere representantskapet nye oppgåver. Dei krava til rapporteringa som er stilte opp der, gjeld alle tilsynsfunksjonar som kan utleiast av § 5 i lova.

Ved at regelen i § 30 fjerde ledd blir formulert som minstekrav, vil representantskapet innanfor den kompetanseramma som følgjer av § 5 tredje ledd i lova stå fritt til også å uttale seg om andre relevante forhold ved bankdrifta. Etter kvart som bankverksemda utviklar seg, bør representantskapet jamnleg vurdere om også andre forhold enn dei som uttrykkjeleg er nemnde i lovteksten bør omtalast i meldinga.

Når det gjeld utforming av minstekrava, vil departementet dels føreslå reglar som pålegg representantskapet å gjere greie for korleis tilsynet har vore organisert, kva for tilsynshandlingar som er gjennomførde samt å gjere greie for vidare prioriteringar i tilsynsarbeidet – altså ein nærare omtale av arbeidet representantskapet utfører. Dels vil representantskapet bli pålagt å gjere greie for resultatet av tilsynsarbeidet. I denne samanhengen vert det føreslått eit krav om at representantskapet skal gjere ei vurdering av styringa og kontrollen hovudstyret har med verksemda i banken. Ut over dette skal representantskapet gjere eventuelle særlege merknader som tilsynet måtte gjere grunnlag for.

Banken si forvaltning av SPU står i ei særstilling i forhold til dei tradisjonelle sentralbankoppgåvene som pengepolitikk og finansiell stabilitet. I ressursar utgjer kapitalforvaltninga over 70 pst. av kostnadene for banken, og meir enn 70 pst. av dei tilsette i banken arbeider innan kapitalforvaltning. Forvaltning av eit fond på meir enn 2 600 mrd. kroner medfører også ein vesentleg operasjonell risiko for banken som representantskapet må føre tilsyn med. Dette kjem i tillegg til tilsynet med korleis banken utfører dei tradisjonelle sentralbankoppgåvene, og dei risikofaktorane dette representerer. Desse forholda tilseier etter departementet sitt syn at det bør stillast krav om eiga rapportering om tilsynet med kapitalforvaltninga.

Innan risikostyring i SPU er regelverket som departementet har fastsett prinsippbasert. Dette inneber at banken skal lage interne retningslinjer i tråd med anerkjent internasjonal praksis. Kva som er rekna som anerkjent internasjonal praksis vil variere over tid.

På denne bakgrunnen meiner departementet det er behov for å oppstille krav i lova om at representantskapet skal gjere ei eiga framstilling av tilsynet med kapitalforvaltninga banken utfører.

Det er ikkje føremålstenleg å nemne i lova kor utfyllande meldinga frå representantskapet skal vere. Finansdepartementet legg likevel til grunn at framstillingane vil vere såpass utfyllande at meldinga kan lesast som eit sjølvstendig dokument, uavhengig av årsrekneskapan for banken.

#### **4.2 Fastsetjing av godtgjersle for representantskapet**

Vanleg praksis i offentleg sektor er at den som vel eit organ eller eit ombod også fastset godtgjersler. Som døme på andre stortingsoppnemnde posisjonar kan nemnast riksrevisorane, der Stortinget vel revisorane og fastset løna deira, jf. riksrevisjonslova § 4 og 6, og sivilombodsmannen som også har denne ordninga, jf. sivilombodsmannslova § 1 og 14. Ei slik ordning har gode grunnar for seg. Gjennom fastsetjing av godtgjersle blir det gjeve ein peikepinn på kor mykje tid det er meint at dei valde personane skal bruke på vervet. Det er derfor føremålstenleg at det organet som står for valet gjennom fastsetjing av godtgjersle, også indikerer kor mykje tid og arbeid som i utgangspunktet er føresetta å liggje i vervet.

På denne bakgrunnen føreslår departementet derfor at kompetansen til å fastsetje godtgjersla til representantskapet blir overført til Stortinget.

## 5 Økonomiske og administrative konsekvensar

---

Overføring av kompetansen til å fastsetje godtgjersla til representantskapet vil medføre noko administrativt arbeid for Stortinget. Stortinget fastset alt no godtgjersle for fleire organ og ombod, og departementet går ut frå at meirarbeidet ved å fastsetje godtgjersle for representantskapet vil vere avgrensa. Dette forslaget har ingen andre økonomiske konsekvensar.

Forslaget om å innføre direkte rapportering til Stortinget har ingen direkte økonomiske eller administrative konsekvensar. Minstekrava til meldinga pålegg ikkje representantskapet nye oppgåver, men om denne meldinga i praksis blir bygd ut, vil det kunne krevje større sekretariatsressursar mv. Dette vil representantskapet måtte ta omsyn til i egne budsjett.

## 6 Merknader til lovframlegget

---

*Til utkastet § 7 sjuande ledd.*

Endringa overfører kompetansen til å fastsetje godtgjersla for medlemene av representantskapen frå Kongen til Stortinget, jf. omtalen i avsnitt 4.2 foran.

*Til utkastet § 30*

I overskrifta er «representantskapets uttalelse» føya til for å framheve dette som eit eige dokument.

Første og andre ledd i regelen er uendra. Andre ledd i regelen om rekneskapsplikt etter rekneskapslova er føya til ved lovendring 19. juni 2009 nr. 47 og er enno ikkje sett i kraft.

Endringane i tredje ledd er gjorde for å lausrive meldinga frå representantskapet om hovudstyret sine protokollar og tilsynet med banken frå årsmeldinga og rekneskapan. Slik regelen er føreslegen utforma, skal banken i eige vedtak fastsetje årsrekneskapan for banken. Dette vedtaket skal, saman med revisjonsmeldinga, revidert årsrekneskap og årsmelding sendast departementet for å leggjast fram for Kongen og formidlast til Stortinget. Her legg ein følgjeleg opp til same rapporteringsrutine som i dag.

Fjerde ledd er nytt. Av første punktum går det fram at meldinga frå representantskapet om hovudstyret sine protokollar og tilsynet med banken skal leggjast fram for Stortinget. Av andre punktum følgjer det at gjenpart av meldinga skal sendast departementet. Tredje punktum inneheld minstekrava til meldinga frå representantskapet. Departementet viser til nærare omtale av desse i avsnitt 4.1 foran.

*Til ikraftsetjingsregelen*

Etter punkt II i lovframlegget gjeld lova frå den tid Kongen fastset. Lovendringa føreset at endringane i sentralbanklova § 30 ved lov 19. juni 2009 nr. 47 vert sette i kraft samstundes.

Finansdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i sentralbanklova.

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i sentralbanklova i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til lov om endringer i sentralbanklova

#### I

I lov 24. mai 1985 nr. 28 om Norges Bank og pengevesenet mv. (sentralbankloven) blir det gjort følgende endringer:

§ 7 sjuande ledd skal lyde:

Medlemmenes godtgjørelse fastsettes av Stortinget.

§ 30 skal lyde:

§ 30. *Beretning, regnskap og representantskapets uttalelse*

Hovedstyret skal hvert år utarbeide årsberetning og årsregnskap. Årsregnskapet fastsettes av representantskapet.

Norges Bank er regnskapspliktig etter regnskapsloven og bokføringspliktig etter bokføringsloven. Kongen kan i forskrift fastsette særskilte regler om årsregnskap, årsberetning og bokføring for banken som utfyller eller fraviker bestemmelsene i eller i medhold av regnskapsloven og bokføringsloven.

Årsberetningen, det reviderte årsregnskapet, *revisjonsberetningen* og *representantskapets vedtak om fastsettelse av årsregnskapet* sendes departementet for å forelegges Kongen og meddeles Stortinget. Meddelelse fra departementet til Stortinget om virksomheten i Norges Bank skal finne sted

minst én gang hver stortingsperiode, og oftere dersom særlige forhold tilsier det.

*Representantskapet skal minst én gang årlig legge fram for Stortinget sin uttalelse om hovedstyrets protokoller og tilsynet med banken, jf. § 5 fjerde ledd femte punktum. Gjenpart av uttalelsen sendes departementet. Uttalelsen om tilsynet med banken skal minst inneholde:*

1. *en redegjørelse for hvordan tilsynet med banken har vært organisert,*
2. *en redegjørelse for gjennomførte tilsynsaktiviteter og representantskapets prioriteringer i det videre tilsynsarbeidet,*
3. *en redegjørelse for tilsynet med bankens kapitalforvaltning,*
4. *representantskapets vurdering av hovedstyrets styring og kontroll med bankens administrasjon og virksomhet, jf. § 5 tredje ledd annet punktum,*
5. *en redegjørelse for representantskapets arbeid med vedtakelse av bankens budsjett og fastsettelse av regnskap, jf. § 5 fjerde ledd annet punktum,*
6. *eventuelle særlige merknader som tilsynet måtte gi grunnlag for.*

Kongen gir retningslinjer for avsetninger og disponering av bankens overskudd. Vedtak om overføring fra Norges Bank til staten må godkjennes av Stortinget.

#### II

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

---



